

VEDTEKTER FOR
AUSTEVOLL KRAFTLAG SA
ORG.NR. 959 254 893

Som vedtatt ved årsmøtet den [18.06.2026]

§ 1 NAMN, FORRETNINGSKONTOR OG FØRETAKSFORM

Samvirkelagets navn er Austevoll Kraftlag SA (heretter «Kraftlaget»). Kraftlaget er eit ålmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital.

Kraftlaget sitt forretningskontor er i Austevoll kommune.

Lov av 29. Juni 2007, nr. 81 om samvirkeføretak (samvirkelova) gjeld for Kraftlaget og utfyller vedtektene. Ved eventuell motstrid mellom vedtektene og fråvikelege føresegn i samvirkelova, skal føresegna i vedtekene halda fram.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet til Kraftlaget er å fremja interessene til medlemmene. Dette kan oppnåast ved at Kraftlaget i eigenregi eller gjennom å delta i andre selskap eller i samarbeid med andre:

- produserer, distribuerer eller omset energi, eller
- driv verksemd som har naturleg tilknyting til slik verksemd, eller
- som gjer ei betre utnytting av laget sine ressursar.

Kraftlaget skal vera ei konkurransedyktig og lønsam verksemd.

Overskotet skal primært nyttast til vidareutvikling av Kraftlaget i samsvar med føremålet, dernest til ålmennyttige tiltak som kan koma medlemmene, og lokalsamfunnet i Austevoll kommune, til gode.

§ 3 MEDLEMMER

Medlemmer skal førast inn i medlemsregisteret på:

- i) navn/føretaksnavn,
- ii) fødselsdato/organisasjonsnummer, og
- iii) adresse.

Kvar medlem har ei røyst på årsmøtet.

Berre personar og verksemdar/organisasjonar som er kundar anten av Kraftlaget eller av selskap som Kraftlaget eig åleine eller saman med andre samvirkelag, og som har folkeregistrert adresse eller registrert forretningsadresse i Austevoll kommune, kan vere medlemmer.

Person eller verkemd/organisasjon som stettar vilkåra i § 3 vert sett som medlem frå det tidspunkt andelsinnskotet etter § 4 er innbetalt.

§ 4 ANDELSINNSKOT

Andelsinnskotet er NOK 1.000,00 – eittusen.

§ 5 INNLØYSING OG UTMELDING

1. Innløysing

Medlemmer som ikkje stettar vilkåra i § 3 må løyse inn sitt medlemskap mot verdsett andelsinnskot etter § 4.

2. Utmelding

Utmelding kan berre skje skriftleg. Medlemmer som melder seg ut skal få innløyst medlemskapitalen ved å få tilbakebetalt andelsinnskotet etter § 4.

I samband med innløysing og utmelding kan medlemmer ikkje krevje kjøpsutbytte, ta del i etterbetalingsfondet, utbetaling av inneståande på medlemskapitalkonto, eller renter på medlemskapitalen i utmeldingsåret.

§ 6 UTDELING MV.

1. Det kan gjevast etterbetaling (kjøpsutbytte) til medlemmer i Kraftlaget på grunnlag av deira omsetnad med Kraftlaget og/eller omsetnad med selskap Kraftlaget eig åleine eller saman med andre samvirkeføretak, jf. samvirkelova §27.
2. Det kan etablerast eit etterbetalingsfond, jf. samvirkelova § 28. Årsmøtet vedtar årlig eventuell avsetnad til fondet, eventuell reduksjon i fondet, og eventuelle utdelingar til medlemmer frå fondet etter framlegg frå styret. Utdeling frå etterbetalingsfondet skal gjerast ut frå siste års omsetnad med Kraftlaget og/eller eit selskap som Kraftlaget eig åleine eller saman med andre samvirkelag.

3. Det kan opprettast medlemskapitalkonti dersom dette er hensiktsmessig for utbetaling av kjøpsutbytte. Årsmøtet bestemmer om - og eventuelt kor mykje av inneståande på medlemskapitalkonti som kan delast ut til medlemmer, jf. samvirkelova § 29.
4. Det kan reknast renter på medlemskapitalen (andelsinnskot og inneståande på medlemskapitalkonto). Årsmøtet kan vedta at årsoverskot som kan delast ut som kjøpsutbytte heilt eller delvis skal brukast til forrenting av andelsinnskot og medlemskapitalkonti. Årsmøtet fastset storleiken på renta etter framlegg frå styret, jf. samvirkelova §30.
5. Årsmøtet kan bestemme at inntil 15 % av årsoverskotet skal avsetjast til eit fond til ålmennyttige tiltak. Styret vedtar utdelingar frå fondet.

§ 7 ÅRSMØTE

1. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan årets første 6 månader.
2. Ordinært årsmøte skal sjå til at føremålet med laget vert fremja i samsvar med vedtekter og vedtak.
3. Det skal førast protokoll frå årsmøta. På kvart møte vert 2 (to) av dei frammøtte valde til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.
4. Underlags dokument for handsaming av sakene på årsmøte jf. samvirkelova § 41(2) skal gjerast tilgjengelege elektronisk på AVA si nettside og fysisk på administrasjonsbygget, jamfør § 41(3). Det skal opplysast i innkallinga kvar, og korleis medlemar får tilgang til dokumenta.
5. Årsmøtet har desse gjeremåla:

- a) Godkjenne årsrekneskap og styrets årsberetning, herunder disponering av årsoverskotet i samsvar med vedtektene § 6 og, etter tilråding frå styret, vedta utdeling til medlemmene i samsvar med vedtektene § 6.

Utdeling i samsvar med vedtektene § 6 punkt 1 til 4, kan til saman ikkje overstiga 50 % av overskotet. Avsetting til fond til ålmennyttige tiltak etter vedtektene § 6 punkt 5 kan ikkje overstiga 15 % av årsoverskotet.

- b) Velja styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer til styret, velja medlemmer til valnemnda og fastsetje godtgjersle til styret etter framlegg frå valnemnda, samt fastsetje godtgjersle til valnemnda etter framlegg frå styret.

Dersom ingen får alminneleg fleirtal ved første valomgang vert det omval mellom dei to som har flest røyster. Dersom det vert likt antall røyster ved omval, vert valet avgjort ved loddtrekking.

Personval skal vera skriftlig dersom det føreligg framlegg på fleire kandidatar eller det vert kravd av eit medlem.

- c) Tilsetje og fastsetje godtgjersla for revisor.
- d) Etter forslag frå styret godkjenne alle former for overdragingar av distribusjonsnett og/eller nettverksemda, samt godkjenne alle former for overdraging av aksjar/andelar eller kapitalendringar som reduserer eigardelane til Kraftlaget, i selskap som eig og/eller driv energiforsyning.
- e) Gjera vedtak i andre saker som styret og medlemmer legg fram for årsmøte. Framlegg frå andre enn styret må koma inn til styret før 1. mars for å verta handsama av styret og framlagt av styret i innkalling til det ordinære årsmøtet. Saker innkomne etter 1. mars vert sendt med innkallinga eller ettersendt om innkallinga eller ettersendinga kan kome fram minst ei veke før årsmøtet skal haldast
- f) Årsmøtet avgjer sakene med alminneleg fleirtal av dei avgjevne røystene når ikkje anna er sagt i lov eller vedtekter. Ved likt stemmetal gjeld det som møteleiaren sluttar seg til (gjeld ikkje ved val og tilsettingar).

§ 8 STYRET

Kraftlaget skal ha eit styre på 5 (fem) medlemmer og 3 (tre) varamedlemmer med funksjonstid på 2 (to) år. Funksjonstida kan setjast kortare. Årsmøtet vel 4 (fire) styremedlemmer og 2 (to) varamedlemmer i rekke. Dei tilsette i konsernet vel 1 (eit) medlem og 1 (eit) personleg varamedlem. Med «konsern» siktast til konserndefinisjonen i samvirkelova § 5. Styret skal oppfylle krav til kjønnsamansetjing i samvirkelova.

Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei valde styremedlemmene valde av årsmøtet.

Leiar i styret saman med dagleg leiar eller 2 (to) styremedlemmer i saman bind Kraftlaget med underskriftene sine. Styret kan gje prokura.

§ 9 VALNEMND

Kraftlaget skal ha ei valnemnd på 3 (tre) medlemmer valt av årsmøtet etter framlegg frå styret, og med ei funksjonstid på 3 (tre) år. Valnemnda konstituerer seg sjølv. Valnemnda skal koma med framlegg til styremedlemmer og varamedlemmer. Valnemnda skal i sitt framlegg legge vekt på å oppnå ei naturleg aldersfordeling, og kjønnsamansetjing i samsvar med

samvirkeleova. Valnemnda skal også komme med framlegg til styrehonorar. Valnemnda sitt framlegg skal følgje innkallinga til årsmøtet.

§ 10 VEDTEKSENDRING

Årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene med 2/3 av dei røystene som vert gitt. Endringar i føremålet krev at endringane vert vedteken på to etterfølgjande årsmøte med minst 4/5 av dei avgjevne røystene.

§ 11 OPPLØYSING

Vedtak om å løyse opp Kraftlaget blir gjort av årsmøtet med fleirtal som for endring i føremålet.

Etter at andelsinnskotet med akkumulerte renter, inneståande på medlemskapitalkonti, og vedteken etterbetaling er oppgjort og betalt til medlemmene, skal resterande fri kapital i Kraftlaget overførast til ei stifting som har til føremål å fremma almennyttige tiltak i Austevoll kommune.